5450 Sunde 3/6-83.

KVINNHERAD KOMMUNE
06. 06. 83 145/101
TEKNISK ETAT - ARKIV E

Til Kvinnherad bygningsråd,
5470 Rosendal.

Me viser til samtale med Vaage 2/6-83 vedrörande Inge Aúdún Rösslaud sitt nybygg av einebústad på Rösslaud. Det kom fram at Inge Aúdún vil nytta ein privat kloakk som går gjennom vår eigedom og endar i stranda vår. Inge Aúdún har ikkje snakka med oss om dette. Då arbeidet med kloakken ikkje er tilfred-stillande nede i stranda, kjem kloakklukta like opp til huset vårt så snart det er nordleg trekk. Dette er svært úbehageleg. Det har vore fleire samtalar med brukarane av kloakken. Dei ser det er gale og lovar det skal ordnast, men til denne tid er ikkje noko gjort. Me kan ikkje godta fleire tilkoplingar til denne kloakken för útlöpet er i forsvarleg stand.

Med helsing
Margrethe Rössland Berit Rössland

KVINNHERAD BYGNINGSRÅD
SAK NR. 30/83